

Norges Bondelag

- me lagar maten din



NORGES BONDELAG





Norges Bondelag er ein næringsorganisasjon for bønder og alle andre som tykkjer at norsk mat og norsk matproduksjon er viktig. Norges Bondelag arbeider for å betra vilkåra for landbruket og synleggjera kor viktig landbruket er for samfunnet og bygda.

Kvar dag leverer Bondelaget sine medlemmar gode råvarer til maten nordmenn et. Me held landskapet ope, gjev arbeidsplassar og levande bygder i heile landet.

Våre viktigaste prioriteringar:

- God lønnsemd og gode betingelsar for bonden og landbruksproduksjon i Norge
- Sikra at matjorda vert brukt til matproduksjon no og i framtida
- Livskraftige og attraktive bygder i heile landet

Norges Bondelag vil ha eit landbruk som:

- Produserer god og trygg mat til ein aukande befolkning
- Brukar jord- og beiteressursar over heile landet
- Er miljøvennleg og bærekraftig, med god dyrevelferd
- Forvaltar kulturlandskapet til beste for samfunnet

Norges Bondelag arbeider også for:

- Rekruttering til landbruket med fokus på god landbruksutdanning og god inntektsutvikling
- Grunneigaren sin rett til å utvikla næring på alle gardenes ressursar
- Ei rovdyrforvalting som sikrar beitebruk i heile landet
- Nasjonal handlefridom og tollvern slik at Norge kan føra sin eigen landbrukspolitikk
- Å ivareta Norge sin rett og plikt til å produsera mat for eigen befolkning




Verdiskaping over heile landet

- Om lag 90 000 årsverk i jordbruket og foredlingsindustrien, derav om lag 45 500 i jordbruket
- Arbeidsplassane fordelar seg over heile landet på ulike produksjonar:

ANTALL GARDSBRUK OG SYSELSETTE I INDUSTRIEN FORDELT PÅ REGIONAR



ANTALL GARDAR DER DET VERT PRODUSERT KORN, GRØNT, MJØLK, KJØT OG EGG



Norges Bondelag som organisasjon:

- Over 60.000 medlemmar, 540 lokallag og 18 fylkeslag
- Sentralt sekretariat og fylkeskontor i heile landet
- Partipolitisk uavhengig
- Forhandlar med regjeringa om bonden sine inntektsmoglegheiter
- Inviterer til Open Gard-arrangement i heile landet



Vissste du at..

- Meir enn 50% av Norges mat vert importert. Ca. 70% kjem frå EU.
- Vekstsesongen i Norge er berre halvparten av i området rundt Paris.
- I Norge er det nesten 200 osteprodusentar.
- Mat og fôr på den norske marknaden er produsert utan genmodifiserte organismar (GMO) og vekstfremjande hormon.
- Norge har blant dei lågaste førekomenstane av salmonella på egg og kylling i Europa.
- Norsk husdyrhelse er i verdstoppen.
- Jordbrukssektoren har hatt ein årleg produktivitetsvekst på 6% dei siste 10 åra.



NORGES BONDELAG



Norges Bondelag
Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo
Telefon 22 05 45 00
bondelaget@bondelaget.no
bondelaget.no